

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

Referat 19. juni 2019

Skype

Kl. 14.00-15.00

I møtet: Eiri Elvestad (leiar), Lisbeth Morlandstø, Marika Lüders, Balder Holm, Terje Colbjørnsen og Terje Skjerdal (ref).

Forfall: Magnus Hoem Iversen, Roswitha Skare (vara) og Christer Bakke Andresen (vara).

1. Innkalling

Godkjend.

2. Referat frå styremøte 28. mai 2019

Godkjent.

3. Norsk medieforskarkonferanse oktober 2020

Komité nedsett: Marika Lüders (leiar), Øyvind Ihlen, Steffen Krüger, Elisabeth Staksrud, Eiri Elvestad og Katerina Houben.

4. Generalforsamling (Malmø august 2019)

- Rabatt på Nordmedia-konferansen: Har det ikkje vore det tidlegare? Lisbeth tek det opp i den nordiske samarbeidskomiteen, med tanke på konferanseavgift for framtidige konferansar.
- Årsmelding for NML: Styret gav innspel til utkast.
- Årsmelding for NMT: Styret gav innspel – kan det førast inn kor vidt NMT-bidraget vann «Årets artikkel»-konkurransen til Universitetsforlaget? (Øvst side 5.)
- Eiri sender ut innkalling + årsmelding NML + årsmelding NMT til medlemene snart (skal vera sendt ut seinast tre veker før, ifølgje vedtektene).

5. Medlemslista og epostlista

- Det er Universitetsforlaget sitt ansvar å oppdatera medlemslista.
- Det er NML sitt ansvar å oppdatera epostlista (medieforskerlaget@media.uio.no). Sekretær (Terje S.) gjer dette.
- Me treng to epostlister: Ei som har flest mogleg av landets medieforskarar i seg, og ei som berre inneheld medlemmer. Terje opprettar lista medieforskerlaget_medlemmer@media.uio.no på grunnlag av medlemslista til Universitetsforlaget.

- Balder undersøker om det er mogleg å skilja ut dei norske medlemene i den nye medieforskardatabasen til Nordicom (frå august 2019), for å kunna bruka denne til å senda ut informasjon.

6. Rettleiar til PhD-forkonferansen i Malmø

Karoline Ihlebæk er positiv til denne oppgåva. Lisbeth melder henne inn.

Neste møte:

- 10. september 2019 kl. 14-15

Terje Skjerdal (ref)